



# INFOBREV

Desember 2013



Heiavegen 28, 5454 Sæbøvik  
Bankkonto: 1254.05.46698

## JULEBREV

### Kjære bidragsytar!

Filippinane har også i dette året vore råka av fleire naturkatastrofar. Tyfonkatastrofa i november råka nokre av familiane til barn som er i med i utdanningsprogrammet vårt. Heldigvis vart ingen av dei skadde, men dei mista alt dei åtte. Icare2 har med hjelp frå mange bidragsytarar og RaiseAbove utført naudhjelp i Tabogon og Tacloban som er dei områda som vart hardest råka.

Icare2 har i 2013 synt ein gledeleg vekst! Auka tal faste givarar, solidaritetsgåve frå Forskarforbundet ved NINA, julegåve frå NINA og gode inntekter frå basarar og anna dugnadsinnsats gjer at styret i Icare2 har vedteke å auka elevtalet frå 26 til 40 frå og med 2014.



*Tyfonkatastrofa som råka Visayas i Filippinane kravde meir enn 6000 menneskeliv—og framleis er meir enn 2000 sakna.*



*Fleire millionar vart huslause og miste alt dei åtte.*

*Icare2 bidreg med naudhjelp saman med Rise Above*



TAKK gode bidragsytar og GOD JUL!

Helsing styret

Inga Bruteig  
Ellen Arneberg  
Eric Torleif Holm  
Arild Landa  
Kari Lie Johnsen



– Kvalitetssikrer innsamlinger

**Bli fast givar!**  
**Legg inn fast trekk**  
**frå konto!**

**Er du NINA tilsett kan du  
sende ein e-post til Gurli  
Øyangen og få fast trekk  
direkte frå lønskonto.**

**(150 kr/mnd = 1 barn i 1 år)**

**Kvifor bli fast givar til Icare2**

- Ditt bidrag gjer at vi kan hjelpe fleire
- Hjelp til utdanning verkar på både kort og lang sikt
- Icare2 er liten, ditt bidrag gjer ein stor skilnad
- Pengane kjem fram
- Låg administrasjonskostnad = høg føremålsprosent = Icare2

**Icare2 har pr. dato 19 faste givarar, 13 av desse er NINA tilsette. Disse inntektene utgjer halve primær-omsetnaden til stiftinga. Icare2 treng fleire faste givarar. Bli ein fast givar du også!**

**Jens Philip Avenido**

14 år, sponsa av Icare2 sidan 2009



**Alle barn har rett til utdanning!** - Jens Philip vart 14 år den 4 desember. Han går i 6 klasse og skal begynne på ungdomsskolen neste år. Huset deira står enda, men det er jammen ikkje mykje plass for ei aleinemor og seks barn. No bur berre Jens Philip, mora og ei søster der medan fire andre søsken er fordelt hjå besteforeldra, onklar og tanter. Icare2 og RiseAbove skal bidra til at dei får betre butilhøve.



I dette huset bur Neiboy (12) og Marivik (15) Amporado. Begge har vore med i Icare2 sidan 2009. Foreldra jobbar nå som "caretakers" for ein nordmann. Han har gitt dei pengar til å kjøpa tomta og fikse opp huset. Me gler oss på Amporadofamiliens vegne!

Dei flottaste gåvene ligg ikkje under juletreet!